



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magne Nesse, 5557 2335


Fellesprosjektet Arna - Stanghelle (FAS) område Vest - søknad om løyve etter forureiningslova for anleggsarbeid - høyringsfrist 10. mai 2024

FAS søker om løyve etter forureiningslova for anleggsarbeid i område Vest, som er frå Trengereid til og med Gaupås i Bergen kommune. Dei førebuande arbeida gjeld etablering av riggområde på Espeland nord med drift av knuseverk og mellomlager for bunnrenskmassar.

Oversikt over aktivitetar i område Vest.

Tabell 1 Oversikt over aktivitetar i søknadsområde Vest som FAS søker om løyve til i denne søknaden, og aktivitetar som kjem til å bli omsøkt på seinare tidspunkt. For aktivitetar som kjem til å bli omsøkt seinare inkluderer oversikten hovudaktivitetar i prosjektet, men er ikkje uttømande.

Nr.	Delområder	Aktiviteter	Opstart (tentativ)	Avslutning (tentativ)	Delsøknad / tillatelse
1	Espeland nord	Etablering av riggområde og tunnelpåhugg til Tunesfjelltunnelen vest.	2024	2026	Denne søknaden
2	Espeland nord	Drift av riggområde og knuseverk.	2024	2034	Denne søknaden
3	Gaupås	Omlegging av kryss.	2024	2026	Denne søknaden
4	Espeland nord	Tunneldriving Tunesfjelltunnelen. Etablering av bro og veianlegg.			Søkes om på et senere tidspunkt
5	Arna Stasjon	Tunneldriving Arnatunnelen.			Søkes om på et senere tidspunkt
6	Tunes	Tunnelpåhugg for rømningstunnel i Sandvika.			Søkes om på et senere tidspunkt



Figur 1 Kartutsnitt frå Espeland nord i Bergen. Svart strek som omgir fargelagde områder utan og med skravar markerer grense for reguleringsplan for Fellesprosjektet Arna – Stanghelle (FAS). For Espeland nord gjelder denne søknaden aktivitetar på nordre og søndre del av riggområdet, og tunnelpåhugg.


Søknad om løyve med risikovurdering og forslag til avbøtande tiltak er vedlagt.

Om anleggsarbeida for Fellesprosjektet Arna – Stanghelle (FAS)

Anleggsarbeida for Fellesprosjektet Arna – Stanghelle (FAS) er delt inn i to hovudfasar:

- Førbuande arbeid (oppstart 2024 – første halvår 2026)
- Hovudprosjekt- (forventa avslutta 2034)

Tiltaksområdet er oppdelt geografisk i fire område som vist i figur 3. Statens vegvesen søker om løyver for anleggsarbeidet i førebuing- og hovudprosjektfase etter denne inndelinga. Inndelinga i søknadsområde er basert på typen resipient, typen anleggsarbeid og den geografiske entreprisedelinga i hovudprosjektet. For kvart søknadsområde vil det bli sendt inn fleire delsøknader om utviding/ending av gjeldande løyve i løpet av anleggsperioden. Delsøknadene vert sendt inn kontinuerleg, avhengig av framdrifta i prosjektet.



Figur 2 Oversikt inndeling i søknadsområde Vest, Midt, Øst og Sørkjorden, Kjelde: Statens vegvesen

Søknader om fire nye løyver og ein søknad om endring

Statsforvaltaren mottok 22. mars 2024 fire nye søknader om løyve og ein søknad om endring som vert sende på høyring som eigne saker. Nedanfor er ein oversikt:

- **FAS Vest** – arbeid knytt til etablering av riggområde på Espeland nord med drift av knuseverk og mellomlager for bunnrenskmassar. SFVL saksnummer 2024/4959 (Denne saka)
- **FAS Midt** – arbeid knytt til etablering av permanent massedeponi på Trengereid for ikkje forureina massar som i ein periode vil fungere som riggområde med drift av knuseverk og mellomlager for bunnrenskmassar og reinsing av tunnelvatn frå driving av 2,9 km tunnel. SFVL saksnummer 2024/4958
- **FAS Aust** – arbeid knytt til permanent massedeponi for sprengstein på Dalehagen som i ein periode vil fungere som riggområde med drift av knuseverk og mellomlager for bunnrenskmassar. SFVL saksnummer 2024/4960
- **FAS Sørkjorden** – arbeid knytt til etablering av dei tre sjaktene for nedføring av overskotsmassar til sjødeponi (Fossneset/Gamle Fossen, Langhelleneset og Naustvika) herunder undervasssprenging og reinsing av tunnelvatn. SFVL saksnummer 2024/4961
- **FAS Sjødeponi** - Løyve til sjødeponi blei gjeve 19. juni 2023 og er søkt endra som følgje av endra lokalitet for sjødeponi i Bergen kommune og endra nedføringsløysning. SFVL saksnummer 2019/20103

Ber om uttaler innan 10. mai 2024

Me sender søknad om endra løyve etter forureiningslova til offentlege organ og styresmakter som varetar ålmenne interesser mm.

Statsforvaltaren ber om eventuelle uttaler til vedlagte søknad innan 10. mai 2024. Uttaler kan sendes til sfvlp@statsforvalteren.no merket 2024/4959.



På Statsforvaltarens heimeside under høyringar ligg søknaden og vedlegga det er referert til i søknaden for nedlasting. <https://www.statsforvalteren.no/nb/vestland/hoyringar/>.

På FAS si prosjektside ligg søknad om endra reguleringsplan og mange underlagsrapportar for ulike fagtema, samt filmar som viser planlagd veg.
<https://www.vegvesen.no/vegprosjekter/europaveg/e16banearnastanghelle/>

Med helsing

Magne Nesse
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 FAS - oversendelsesbrev - oversikt
- 2 FAS - område Vest - søknad

Kopi til:

Statens vegvesen ved saksbehandler
Statens vegvesen

Postboks 1010 Nordre Ål 2605 LILLEHAMMER

Mottakerliste:

Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
ARNA SPORTSFISKARLAG	Postboks 55 Indre Arna	5888	BERGEN